

NORSK FYRHISTORISK FORENING

org.nr.: 992 080 272



Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Oslo 1.juli 2013

Høyringsuttale: NOU 2013:4 Kulturutredninga 2014

NORSK FYRHISTORISK FORENING er ein ideell, frivillig organisasjon stifta i 1997 som verkar for bevaring, formidling, tilgjengeliggjering og ny bruk av fyrstasjonane, og andre historiske navigasjonshjelpemiddel. Foreiningas medlemmar består av lokale fyforeiningar, musé og historielag, turlag og friluftsorganisasjonar, bedrifter, kommunar og einskildmenneske med interesse og engasjement for fyr og fyrhistorie.

NORSK FYRHISTORISK FORENING (NFHF) stiller seg bak høyringsuttalen frå Norges kulturvernforbund og er einig i at Kulturutredninga 2014 tar eit vesentleg steg vidare i utviklinga av kultursektoren i Noreg generelt. NFHF meiner det er spesielt viktig at utredninga trekker inn kulturvernsektoren på line med andre kulturområde. Vidare er tydeliggjeringa av kulturomgrepet avgjørande, ved å visa at kulturarv – og med det kulturvernet - er ein del av kjerneverksemda i det kulturelle praksisfeltet. NFHF er også einig i Norges kulturvernforbunds presisering av Kulturløftets manglande fokus på samfunnssinnsatsen til kulturvernorganisasjonane, sidan den mangla ein overgripande mål/middelanalyse. Me støttar også denne tilrådinga i denne utgreiinga om at det er eit «klart behov for opprustning av den kulturelle grunnmuren», som mellom anna omfattar medlemmane våre.

NORSK FYRHISTORISK FORENING går inn i det sentrale kystledsamarbeidet og jobbar aktivt for at fyra skal bli tilgjengelege for ålmenta, anten det er som overnatningsstad eller lokale for annan utåtretta verksemnd. Dette er eitt konkret uttrykk for kor viktig foreininga meiner samarbeidet mellom kulturvernorganisasjonar, med andre frivillige, med sentrale styresmakter, statlege eigarar og andre er. På denne bakgrunnen er foreininga samd i og støttar Kulturvernforbundets ros av utvalet, som ser utfordringane for dei lokale langsiktige grunnaktivitetane så klart og går så sterkt inn for behovet for eit lokalt kulturløft. Med Kulturutredninga 2014 ligg det nå til rette for at våre aktivitetar får merksemnd i kulturpolitikken på line med andre delar av kulturaktivitetane.

Som Kulturvernforbundet er NORSK FYRHISTORISK FORENINGs formål mellom anna å avhjelpa og legga til rette for den frivillige og uløna verksemda, det som skjer på eller knutt til fyra basert på einskildmenneskes og lokale lags eigne prioriteringar. Foreininga korkje ynskjer eller ventar betaling for

NORSK FYRHISTORISK FORENING

org.nr.: 992 080 272



innsatsen sin for bevaring av fyra, men er samd i at det statlige rammeverket må legga til rette for slike frivillig arbeid: Det bør snart koma på plass eit mindre, fast økonomisk bidrag til drifta av kulturvernorganisasjonane, så det framtidige arbeidet kan sikrast og utviklast. Per 2013 er NORSK FYRHISTORISK FORENING blant dei som er utan fast statleg driftstilskot. Et slikt tilskot vil difor også være en annerkjennung av arbeidet foreininga gjer for dei statlege eigedommane, som fyra i all hovudsak er. Ei slik støtte vil også bidra til at arbeidet vårt på og for fyra held den høge faglege kvaliteten som det fortener, ein kvalitet som utgreiinga peikar på søkjast. NFHF støttar også både Kulturvernforbundet og understrekninga utgreiinga gjer av behovet for å rydda opp i den statlege ansvarsfordelinga slik at alle kulturvernorganisasjonane får ein fast samarbeidsrelasjon på departementsnivå. Som Kulturvernforbundet seier i høyringsutalen sin, er det eit avgjerande behov for støtte til administrasjonen og leiinga for å løysa ut den faglege kompetansen til kulturvernorganisasjonane og innsatsen i alle delar av landet. "Grunnstøtte og klar departementstilknyting for alle kulturvernorganisasjonane er derfor svært viktig", slik Kulturvernforbundet peikar på.

NFHF rosar utgreiinga og uttalen om at den kulturelle grunnmuren er under press og har eit klart behov for ei opprustning – noko som dessverre også gjeld alt for mange av dei flotte fyrstasjonane våre. NORSK FYRHISTORISK FORENING er derfor glad for at Kulturutredninga 2014 så sterkt strekar under dei frivillige kulturvernorganisasjonane si samfunnsrolle og kva dei har å seia for den kulturelle grunnmuren. Dette bør føra til at alle me som utgjer landets kulturvernorganisasjonar får ein mykje meir sentral plass i kulturpolitikken framover, samt blir gjeven statleg grunnstønad slik at me alle kan utvikla og forbetra verksemda vår.

Norsk Fyrhistorisk Forening

Birger Lindanger
Styreleiar

Elisabeth Høvås
Organisasjonssekretær